


UTBJOA

KULTURSTIEN PÅ UTBJOA / THE CULTURE TRAIL AT UTBJOA / DER KULTURERLEBNISPFAD IN UTBJOA



N Utbjoa er ein av dei eldste og største gardane i Ølen. Namnet Bjoa tyder «det som er flatt». Garden ligg sentralt til på eit nes der fleire fjordar møtast. Den sentrale plasseringa er nok årsaka til at vi finn slik sjeldsynt konsentrasjon av fornminne på staden. I førre hundreår voks det fram ein handelsplass på Utbjoa. På 1870-talet kom postopneri, i 1882 vart dampskipskaiaen bygd, og i 1960 vart kaien utvida. Sjølv om butikken etter meir enn 100 års drift no er lagt ned, fortel bygningane om det som i nær fortid har vore eit yrande liv. Det eldste funnet som fortel at menneske har vore på staden er ei steinaks frå midten av yngre steinalder (ca. 4200-1800 f.Kr.). Helleristningsfeltet er frå bronsealderen (ca. 1800-500 f.Kr.). Gravrøysene er frå jernalderen (ca. 500 f.Kr.-1000 e.Kr.) medan båtstøa truleg er frå mellomalderen (ca. 1000-1500 e.Kr.). Skålgropene femner alle tidsbolkane og kan vere laga ein gong mellom yngre steinalder og mellomalder.

GB Utbjoa is one of the oldest and largest farms in Ølen. The name Bjoa means 'that which is flat'. The farm is centrally located on a promontory where several fjords converge. The central location explains why we find such a unique concentration of historical finds here. The 19th century saw the growth of a trading centre at Utbjoa. A post office was opened in the 1870s; in 1882 a steamship quay was built, and in 1960 this quay was extended. Even though the local shop has closed after doing business for more than 100 years, the buildings themselves tell the story of what until recent times was a seething and lively community. The oldest find to indicate human habitation on the site is a stone axe from the middle of the late Stone Age (approx. 4200-1800 BC). The petroglyphs are from the Bronze Age (approx. 1800-500 BC). The burial mounds are from the Iron Age (approx. 500 AD-1000 AD) while the landing place is probably from the Middle Ages (approx. 1000-1500 AD). The cup marks have probably been used for religious rituals throughout all these periods and may have been made some time between the late Stone Age and the Middle Ages.

D Utbjoa ist einer der ältesten und größten Höfe in Ølen. Der Name Bjoa bedeutet „flache Gegend“. Der Hof liegt auf einer Landspitze, wo mehrere Fjorde zusammentreffen. Die zentrale Lage ist sicher der Grund dafür, dass hier eine so seltene Konzentration prähistorischer Kulturschätze zu finden ist. Im vorigen Jahrhundert entstand in Utbjoa ein Handelsplatz. Um 1870 kam eine Poststelle hinzu, und 1882 wurde ein Anleger für Dampfschiffe gebaut, den man 1960 noch ausbaute. Auch wenn das Geschäft gut 100 Jahre nach der Gründung nicht mehr existiert, sind die Gebäude doch Zeugen des damaligen aktiven Lebens. Der älteste Fund menschlicher Tätigkeit in dieser Gegend ist eine Steinaxt aus der Jungsteinzeit (ca. 4200-1800 v.Chr.). Die Felszeichnungen stammen aus der Bronzezeit (ca. 1800-500 v.Chr.), die Grabhügel aus der Eisenzeit (ca. 500 v.Chr.-1000 n.Chr.). Der Bootsanleger wurde vermutlich im Mittelalter gebaut (ca. 1000-1500 n.Chr.). Die kleinen tellerförmigen Vertiefungen („Schalenmulden“) lassen sich zeitlich nur so bestimmen, dass sie zwischen der Jungsteinzeit und dem Mittelalter entstanden sind.



Utbjoa



Kulturminnestien på Utbjoa. Funnstad er merka av på kartet.

RØYSENE

I dag er det fem gravrøysar langs kulturstien på Utbjoa. Tidlegare har det vore minst fire til. Sokka og skadane på gravminna skuldast plyndring som ligg hundre år attende i tid. Skal vi tru på meldingane frå dei som rota i røysene, vart det ikkje funne anna enn gravkistene som no ligg opne for ver og vind. Kistene, eller hellekistene, er laga av både tradisjonell tørrmur og lange heller. Sjølv om vi ikkje veit om funn frå desse fem røysene, så fortel kistene at vi truleg er i folkevandringstida i eldre jernalder, det vil seie perioden 400-550 e.Kr. Det finst eit gravfunn som skal vere frå Utbjoa, men kva røys det låg i veit vi ikkje. Det var ei mansgrav frå folkevandringstida som inneheldt eit sverd, ein spydspiss av jern og restar av eit skjold.



Helleristningar – skip frå eit av feltet på Utbjoa (foto: Ann Steindal, Fylkeskonservatoren i Hordaland)

HELLERISTNINGANE

Utbjoa har ikkje mindre enn fire helleristningsfelt. Motiva er få, og skipsfigurane dominerer. Elles finst det såkalla solkors, det er ringar med eit kors inni. Meir spesielt er motivet som forestillar ein fotsøle. Slike motiv har ein freista å tolka som at ein guddom har vore på staden og sett fotavtrykket sitt. Det finst og fleire utolka figurar. Innimellom alle dei tydelege båtfigurane er ein figur som ein berre med god vilje kan tolka som ei hand, andre stader er det berre strekar.

Skipssfigurmotiva er ulike på dei ulike feltet og det fortel at dei vart hogne til ulike tider gjennom heile bronsealderen, det vil seie gjennom 1300 år. Grunnen til at folk hogg inn bilete i berga på Utbjoa var truleg for å ha eit møtepunkt med høgare makter eller gudar. Alle motiva som vi ser her langs kulturstien høyrer heime i ein jordbrukskultur som er sams over heile Nord-Europa. For jordbrukande folk er det nærliggjande å tru at groderikdom har spela ei viktig rolle.

SKÅLGROPFELTA

Langs kulturstien er det to felt med skålgroper, som er hogd inn i berget. Det er interessant at gropene på Utbjoa finst på andre bergflater enn ristningane. Skålgropene opptre første gong i yngre steinalder (4200-1800 f.Kr.), og eksisterer i ein ubrotten tradisjon fram til og med mellomalder (1000-1500 e.Kr.), kan hende og opp til moderne tid. Skålgroper finn ein ofte i støls- og utmarksområde. Tolkningane av gropene er mange, men det er semje om at gropene var eit reiskap for å kommunisere med høgare makter.

BÅTSTØENE


Ved kulturstien ligg fire båtstøer. Det er ikkje lett å få auge på dei, dessutan er dei avkutta og øydelagde av naust frå nyare tid. No er ingen av dei meir enn 14 meter lange, men opphavleg må dei ha vore lengre. Ei båtstø er eit båtoppbrekk, ein stad der båtane vart trekte opp slik at dei låg trygt for ver og vind. Dette var den vanlege måten å fortøye batar på før bryggene vart vanlege i førre hundreår. Lengda på ei båtstø fortel ikkje nødvendigvis om kor lang ein båt var, men heller om kor langt opp ein måtte dra båten for at han skulle vere trygg og ikkje reke av eller verte knust av bølgen. Kor gamle båtstøene er, kan ikkje lett seiast utan nærare granskingar. Ved å sjå på høgda over havet som stod høgare tidlegare, verkar det rimeleg å tru at dei ikkje er eldre enn mellomalder.

ANDRE FORNMINNE


Ei hustuft frå folkevandringstida (400-550 e.Kr.) ligg og på Utbjoa, men berre delar av ho er graven ut. Eit hellelagt golv kom til syne, og det vart funne keramikkbrot og jernslag. Tidlegare har det kome for dagen fragment av bryne, eldflint og eit stykke av eit kleberkar.



Skjoldbule frå eldre jernalder



Spyd frå eldre jernalder



Sverd frå eldre jernalder



Øks frå yngre steinalder (foto: Øystein Geber)



| Eldre steinalder | Yngre steinalder | Bronsealder | Eldre jernalder For-romersk jernalder | Eldre jernalder Romertid | Eldre jernalder Folkevandringstid | Yngre jernalder Merovingertid | Yngre jernalder Vikingtid | Middelalder | Senmiddelalder |
|------------------------|------------------------|-----------------------|------------------------------------------|-----------------------------|--------------------------------------|----------------------------------|------------------------------|--------------------------|--------------------------|
| 9000 f.Kr - 4000 f.Kr. | 4000 f.Kr - 1800 f.Kr. | 1800 f.Kr - 500 f.Kr. | 500 f.Kr - Kristi fødsel | Kristi fødsel - 400 e. Kr. | 400 e. Kr - 550 e. Kr. | 550 e. Kr - 800 e. Kr. | 800 e. Kr - 1050 e. Kr. | 1050 e. Kr - 1350 e. Kr. | 1350 e. Kr - 1600 e. Kr. |



DEI ARKEOLOGISKE FUNNA PÅ UTBJOA ER AUTOMATISK FREDA KULTURMINNE I MEDHALD AV KULTURMINNELOVA. VIS RESPEKT OG OMTANKE FOR VÅR FELLES KULTURARV. HORDALAND FYLKESKOMMUNE, ØLEN KOMMUNE.

Tekst ved Øystein Geber i samarbeid med Kulturseksjonen og Kulturlandskapsenteret, Hordaland fylkeskommune. Formgeving: Goosen Design. Produksjon: Artic Reklamebyrå. Kart: Sverre Moe. Illustrasjonar: tatt fra «Norske Oldsager» ved O. Rygh. Takk til Endre Heggen.